



Til alle kommunane og NAV- kontora i Rogaland

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
N-4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Ansvar for å fatte vedtak etter sosialtenestelova

Fylkesmannen har gjennom kontakt med NAV-kontora blitt gjort kjend med at fleire kommunar har organisert seg slik at andre einingar i kommunen enn NAV-kontoret fattar vedtak etter sosialtenestelova.

Dette gjeld i hovudsak flyktningtenesta. I samband med dette viser Fylkesmannen til at det er avgrensingar i lov knytt til kven som har mynde til å fatte vedtak etter sosialtenestelova.

Sosialtenestelova § 3 slår fast at «*Kommunen er ansvarlig for å utføre oppgavene etter denne loven som ikke er lagt til et statlig organ...*». Vidare følger det av NAV-lova § 13 at tenestene som er regulert i sosialtenestelova skal ligge til NAV-kontoret, som ein del av minimumsløysinga. Det er med andre ord kommunen som har ansvaret for tenestene etter sosialtenestelova, men NAV kontoret som skal gi dei. Dette heng saman med at tenestene etter denne lova skal vere forsvarlege. For å kunne yte ei forsvarleg teneste, må NAV-kontoret ha kontroll på og styre tenesta. Det inneber å sikre ei forsvarleg saksbehandling frå mottak av søknad til vedtak er fatta. NAV-kontoret har vedtaksmynde, og dette kan ikkje delegerast til andre personar, organ, eller andre som er organisert utanfor NAV-kontoret. Eit unntak frå dette er når det er gjort avtale om interkommunalt samarbeid.

Fylkesmannen meiner at det er positivt med eit samarbeid mellom NAV-kontoret og andre delar av kommunen om utarbeiding av vedtak, så lenge dette skjer innanfor rammene av teieplikta. Men det er NAV-kontoret som formelt sett skal fatte vedtak etter sosialtenestelova.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål knytt til dette brevet!

Med helsing

Janne Dahle-Melhus
avdelingsdirektør

Gunn Idland
seniorrådgiver